

# Velkommen til øyene våre!

Espevær, Fjelberg, Huglo og Møkster



- Espevær, Fjelberg, Huglo og Møkster er små øysamfunn i fire kommunar i Sunnhordland.
- Gjennom LivØGLyst i Hordaland kom øyene saman og såg at ein har mykje felles.
- Søkte og fekk i 2011 støtte frå Bulstsatsinga til Kommunal- og regionaldepartementet.

# Status på øyene idag

- Tilflytting av barnefamiliar på alle øyene siste året!
- Øyene er unike ved at dei er levande, små lokalsamfunn, med mellom 60 og 120 innb.
- Stadig kamp for å halda folketalet oppe og for viktige institusjonar som skule, butikk m.m.
- Familiar er interesserte i å flytta til øyene, men dei fleste ynskjer å leiga bustad først.
- Potensielle bustadar er fritidshus
- Ingen bustadar ledige for leige på nokon av øyene.

# Bulyst og bustad

- Tilgong på bustad er det sentrale for tilflytting.
- Gjennom prosjektet har me arbeidd med mange ulike modellar for realisering av nye utleigebustadar på øyene – utfordring.
- I november 2012 la me fram ”Møkstermodellen” for dei fire ordførarane våre.
- Me trur no det er realistisk å få på plass eit nytt utleigehus på kvar øy innan eit år!

# Modell for utleigehus

- Samarbeid mellom bygdelag og kommune.
- Bygdelaget er ansvarleg for framskaffing av tomt, dugnad, val av leigetakarar, framleige og oppsyn eigedommen.
- Kommunen finansierer huset og bygdelaget framleiger dette til familiar som vil prøva å bu på øya.
- Avdragsfritt lån i fem år. Etter fem år skal huset seljast – helst til barnefamiliar som vil bu der. Dersom dette ikkje let seg gjera vert huset lagt for sal i marknaden.

# Utleigehus

- Viktig å bygga attraktivt slik at ein får ned risikoen ved både utleige og sal.
- Bygdelaget betaler dei månadlege rentekostnadane til kommunen og tek ansvar for evt. periodar der huset står tomt.
- Den økonomiske risikoen for kommunen er svært låg.
- Ved sal skal kommunen få dekka resterande gjeld.  
Overskytande går til laget for å trygga vidare prosjekt. (Ved sal som ikkje dekker lån, skal laget dekka differansen ovanfor kommunen).
- Me har nær dialog med ordførarane (ordførar i Bømlo er styreleiar) og desse er tydelege på at dei ser verdiskapingspotensiale i å utvikla øylene.

# Espevær, Fjelberg, Huglo og Møkster er alle unike og levande øysamfunn



**- Slik skal det vera i framtida òg!**









**Flytt til**  
Liv<sup>Y</sup>OGLyst

